

Prinsippprogram for Studentparlamentet i Volda 2022-2026

Prinsippprogrammet til Studentparlamentet i Volda inneheld mål og delmål for arbeidet i Studenttinget. Programmet vert rullert kvart fjerde år, og er også ope for revidering kvart år.

Studentparlamentet arbeider for å betre studiekvardagen ved høgskulen og sikre studentane sine interesser og rettar, både fagleg og sosialt. Prinsippprogrammet peikar ut retning, hovudmål og delmål for perioden. Måla i Studentparlamentet sitt prinsippprogram blir vidare konkretisert i Studentparlamentet sitt årlege arbeidsprogram, som vert rullert kvart år.

Hovudmål

1. **Studentdemokrati og -medverknad.** Studentparlamentet skal sikre at studentane si stemme vert høyrd, setje lokale og nasjonale studentsaker på dagsorden, og arbeide for større studentmedverknad og engasjement for studentdemokratiet i Volda.
2. **Studiekvalitet.** Studentparlamentet skal kontinuerleg vere pådrivar for å betre studiekvaliteten ved høgskulen i Volda, og sikre studentane sine faglege rettar.
3. **Studentvelferd.** Studentparlamentet skal vere ein sterk pådrivar for å betre studentkvardagen til studentane i Volda gjennom god studentvelferd, og sørge for gode vilkår for studentorganisasjonar og studentaktivitetar ved høgskulen.

Delmål

Studentdemokrati og studentmedverknad

Studentparlamentet skal sikre at studentane si stemme vert høyrd, setje lokale og nasjonale studentsaker på dagsorden, og arbeide for større studentmedverknad og engasjement for studentdemokratiet i Volda. Dette vil seie:

1. Studentparlamentet skal vere bindeledd mellom studentane og Høgskulen, og sikre at studentane si stemme vert høyrd blant dei tilsette og leiinga ved Høgskulen.
2. Studentparlamentet skal sikre studentrepresentasjon i Høgskulen sine sentrale organ, og arbeide for ein god kommunikasjon mellom studentrepresentantane, Studentparlamentet og leiinga ved høgskulen.
3. Studentparlamentet skal ivareta interessene til dei tillitsvalde, og arbeide for eit velfungerande tillitsvald-apparat ved høgskulen.
4. Studentparlamentet skal setje lokale og nasjonale studentpolitiske saker på agendaen, fremje engasjement blant studentane i saker som angår dei, og sikre ein god dialog med samarbeidspartar som NSO og UH-Nett vest.

5. Studentparlamentet skal auke engasjementet blant studentane for Studentparlamentet sine egne organ, og bidra til eit sterkt studentdemokrati godt forankra i ein velinformert studentmasse.

Studiekvalitet

Studentparlamentet skal kontinuerleg vere pådrivar for å betre studiekvaliteten ved Høgskulen i Volda, og sikre studentane sine faglege rettar. Dette vil seie:

1. Studentparlamentet skal arbeide for å sikre at studentane sine faglege rettar vert ivaretekne, og at studentane får ei utdanning med best mogleg kvalitet gjennom heile utdanningsløpet ved Høgskulen i Volda gjennom bl.a. informasjon gitt kontinuerleg med tillitsvalde.
2. Studentparlamentet skal medverke til at studentane sine tilbakemeldingar på den faglege kvaliteten på studiet vert følgt opp og fører til konkrete forbetringar, gjennom bl.a. tett oppfølging og samarbeid av dei tillitsvalde i både klasse og studentråd.
3. Studentparlamentet skal bidra til at undersøkingar som Studiebarometeret bidreg til kontinuerlege forbetringar av den faglege kvaliteten på utdanningane ved høgskulen.
4. Studentparlamentet skal arbeide for å skape større transparens i saksprogresjonar.
5. Studentparlamentet skal arbeide for at dei fysiske tilhøva ved høgskulen fremjar læring og studiekvalitet, t.d. gjennom universell tilgang på lesesalar, bibliotek, grupperom m.m. Gode studieforhold omfattar også gode forhold for pausar og sosiale arenaer.
6. Studentparlamentet skal sikre at studentane si stemme vert høyrte når det gjeld utvikling av høgskulen sitt studietilbod og utvikling av Volda som studiestad.

Studentvelferd

Studentparlamentet skal vere ein sterk pådrivar for å betre studentkvardagen til studentane i Volda gjennom god studentvelferd, og sørgje for gode vilkår for studentorganisasjonar og studentaktivitetar ved høgskulen. Dette vil seie:

1. Studentparlamentet skal sterkt fremje tiltak som rettar seg mot å betre trivselen og den psykiske helsa for studentane i Volda, og fremje eit inkluderande studentmiljø.
2. Studentparlamentet skal arbeide for eit trygt og godt lågterskel velferdstilbod for alle studentane tilknytt høgskulen i Volda, gjennom bl.a. eit godt samarbeid med SiVolda, Rokken og Velferdsgruppa.

3. Studentparlamentet skal legge forholda til rette for høg aktivitet i alle studentorganisasjonane og festivalane tilknytt høgskulen i Volda, og støtte organisasjonane for å kunne tilby studentane eit variert og gjevande aktivitetstilbod.
4. Studentparlamentet skal leggje til rette for samarbeid på tvers av studentorganisasjonane og skape gode vilkår for promotering av dei.
5. Studentparlamentet skal fremje inkludering av internasjonale studentar, og arbeide for at dei finn seg godt til rette på Høgskulen.
6. Studentparlamentet skal bidra til å synleggjere både dei sosiale aktivitetane og dei ulike helsetilboda og hjelpetiltaka som finst for studentar, og gjere tilboda kjent for studentane.
7. Studentparlamentet skal leggje eit særskilt fokus på å dempe presset på alkohol ved støtte til studentorganisasjonar, aktivitetar og arrangement.
8. Studentparlamentet skal støtte til studentorganisasjonar og festivalar som gir ut vesentleg og aktuell informasjon både fysisk og digitalt til den store studentmassen som kan styrke livsvilkår